

Jostein Fredheim var gruvarbeidar på Svalbard i 6 år.

05.02.2020




Svea Nord. Brakkeriggen bak vart kalla Asylet. Vegen på breen er den fyrste heilårsvegen som var bygd på isen, for å koma seg til innslaget på 300 m.o.h.

Uskedalen.no held fram innlegg på nettsida om dei frå Uskedalen som i kortare eller lengre tid har vore på Svalbard. Denne gongen handlar det om det å vera gruvarbeidar. Jostein Fredheim (f. 1978) med oppvekst og skulegang i Uskedalen var gruvarbeidar på Svalbard frå 1999 til 2005. Det var i Svea, 6 mil sør for Loneyarbyen.

Jostein fortel til Uskedalen.no at det var eit tilfeldig val. Han såg mulighetene og heiv seg rundt med ein søknad til Store Norske Kullkompani. Han var på stoffen, køyrde kuttemaskin som freste kolet ut frå stoffen.

Arbeidstida var 7 dagar på og 7 dagar fri. I arbeidstida budde han i brakke. I friperioden var plassen Longyearbyen i leileghet. Han gjekk 10,5 timars skift. Transporten frå Longyearbyen til Svea var med fly eller på scooter vinterstid, dersom det ikkje var flyver.



Ikkje mange som kan sjå at dette er Jostein Fredheim. Etter eit skift var det godt med ein god dusj.

Staten la ned mykje pengar på opprustning og ny gruve i Svea. Faktisk heile 1 milliard kroner. Til investeringa høyrde også miljøtiltak for dei tilsette med kulturelle og sosiale aktivitetar. Straks etter vart gruva nedlagt av miljøomsyn, vart det sagt. Jostein skjønar ikkje kvifor Svea vart lagt ned. Det var ei god gruve med god drift og god inntening.

Løna var god. Han tente godt, men så var forbruket også høgt. Han kosta på seg eigen scooter. Han var heime berre 2 - 3 gonger i året. Foreldra var på besøk nokre gonger på desse 6 åra.

Han minnest godt møte med Åse Hjetland Bringedal som var student på UNIS (Universitetet på Svalbard). Ho tok mastergradsoppgåva si i geologi på Svalbard. Dei hadde gått i same klassen på Uskedal skule og på ungdomsskulen.

Den som har lengst tenestetid som gruvearbeidar frå Uskedalen på Svalbard, er Sigbjørn Rød, tilsaman 25 år fordelt på tre periodar. Meir om han kjem seinare på nettsida.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Jostein Fredheim



I friperioden på sju dager budde Jostein i leileghet i Longyearbyen.